

Pop-countrybandet Gunslingers opnar påska på Dønhauglåven imorgon (onsdag) og det er grunn til å venta ein stor kveld med høg stemning og mykje humor. Frode Måkestad frontar bandet og han har også skreve dei fleste låtane. Tekstane vert framført på ekte hardangerdialekt, som ligg Frode nærmast. Med seg har han Jostein Fønnes på bass, Jan Ove Johansen på elgitar, Dan Mikal Ripe Frøystad på steelgitar og Frode Andreassen på trommar.

Det er no 5 år sidan Gunslingers starta og det var Frode som tok initiativet og håndplukka mannskap av høg kvalitet.

Bandet har gjeve ut 3 cd-plater og kjem i år med plate nummer 4. Den siste plata som kom i 2011 var inne på VG-lista.

Bandet har gjennomgått ei spennande utvikling frå å spela på små pubar til store hallar og festivalar.

Det er no 4 år sidan

Gunslingers spela på Dønhaug og trakk fullt hus i påska.

Av Ola Matti Mathisen